

**Invitasjon til markering 11. juni 2011 på Fanøy i Batalden  
til minne om trålaren "Laforey" sitt tragiske forlis.**



Natt til 8. februar 1954 forliste den engelske trålaren "Laforey" av Grimsby ved Sendingane vest av Batalden i Flora kommune. Alle dei 20 personane om bord mista livet. Berre ein av dei omkomne vart funne att.

I januar 2010 fann dei to dykkarane Frode Ellingsund og Trond Fjellestad heile forskipet av "Laforey" intakt ved forlisstaden. Dei har seinare teke opp skipsklokka og eit anker. Det sensasjonelle funnet har fått omfattande mediemarksemd både i Noreg og i England.

Dei to dykkarane og forfattaren Trond Strømgren (som mellom anna har skrive bok om lokale forlis) var i Grimsby i april og overrekte skipsklokka under ein gripande seremoni. Skipsklokka er no utstilt i Fisherman's Chapel i Grimsby.

Etterkomrarar av "Laforey" sitt mannskap kjem til Florø og Batalden 11. juni 2011 for å delta på båttur ut til forlisstaden ved Sendingane og vere med på markering og avduking av minnesmerke i Batalden.

**Du er med dette invitert til å delta på markering og avduking av minnesmerke. Sjå vedlagte program. Vi håper du kan komme og ber om tilbakemelding innan 7. juni. Ta gjerne med følgje. Ta kontakt ved evt. spørsmål.**

**Du er også invitert til multimedieframstilling om forliset og vrakfunnet på Kystmuseet onsdag 8. juni kl. 1900. Foredrag, biletet og film v/ underteikna.**

Beste helsing prosjektgruppa Laforey-forliset

Frode Ellingsund  
tel 99 25 46 99

Trond Fjellestad  
tel 47 66 72 63

Trond Strømgren  
tel 40 29 87 29

## **Program Saturday June 11<sup>th</sup>**

**OBS: Første del av programmet gjeld berre besøkande frå England.**

---

1100 Departure from Florø for Sendingane with M/S "Sea Service".

1300 Arriving at Fanøy island in Batalden.

1315 Lunch in the chapel.

1445 Trond S. gives a presentation of the local history and dramatic events thru time.

---

### **Program for inviterte gjester:**

#### **1430 Avgang med rutebåt "Øyservice" frå Florø**

1530 Invited guests from Florø arrives at Fanøy with the local ferry.

1545 Anchor memorial opening.

1630 Tea, coffee and cakes in the chapel. Time to walk around and see Fanøy.

1800 Departure from Fanøy by speed ferry or sailship.

1830-1930 Arriving Florø (depending on type vessel).



Akterskipet av "Laforey" på Sendingane to dagar etter forliset.



Skipsklokka.